



Skjønn og skjønnheit i den digitale tidsalder

Antonio Damasio

Descartes' Error: Emotion, Reason, and the Human Brain

London, Penguin Books, 1994, 336 sider, ISBN 978-0143036227

George Lakoff

The Political Mind: A Cognitive Scientist's Guide to Your Brain and Its Politics.

London, Penguin Books, 2009, 320, ISBN 978-0143115687

Atle Møen

Professor, Sosiologisk institutt, UiB
atle.moen@uib.no

Det eksistensielle grunnlaget til tru og kunnskap

Å tenkja seg om og å gjera gode vurderingar er viktig i kvardagslivet, i kjærleikslivet, i den offentlege diskusjonen og i politikken når det gjeld å gjera moralske val og med tanke på å vurdere skjønnheit i kunsten og sanning innanfor vitskapen. Det trengst eit godt skjønn, eller dømmekraft, utøvd ved samhandling ansikt til ansikt innanfor konkrete møteplassar der menneska kan kjenna på stemningar og sansa skjønnheit. Eg vil visa til at innsiktene frå Antonio Damasios og Georg Lakoffs kognitive vitskap samsvarar med den kunnskapen som finst innanfor den filosofiske hermeneutikken, Kants analyse av kunst og dømmekrafta og den amerikanske pragmatismen, med tanke på å forstå skjønn og praktisk visdom.

Det å utøva eit godt skjønn, eller dømmekraft, er den mest avanserte, vakre og verdfulle eigenskapen vi menneske har, og utan denne visdommen og dugleiken, dette å avgjera noko, utan at vi kan vera heilt sikre, vil vi stå fram som klumsete, vinglete, stotrande og handlings- og avgjerslelamma. Skjønn er viktig når vi skal velja kjærleiken, for å finna ut kva vi skal tru på, kva utdanning og yrke vi bestemmer oss for, når vi legg framtidsplanar, og når vi vurderer kva som er vakkert, når vi vel kva verdiar og vanar vi vil støtta oss på, og vi brukar skjønn når vi gjer våre moralske og politiske vurderingar og val. Heile vår eksis-

tens kviler på dette skjønnnet! Dømmekrafta er vårt ontologiske grunnlag og ein universell dugleik.

Vitskapleg kunnskap strever etter sanning som er bygt på objektive observasjonar, og som utformar teoretiske forklaringar og tolkingar av desse observasjonane. Samstundes finst det ingen matematiske algoritmar, eller oppskrifter, som fører oss frå empiriske data til teoretiske forklaringar, fordi det er slik at vi nyttar skjønn både når vi samlar inn data, og når vi analyserer data, og eit sett med data kan tolkast på ulike måtar, slik at alle vitskapar også har eit innslag av hermeneutikk og praktisk dømmekraft. I og med at vitskapelege teoriar er ubestemte av fakta, skjer difor teoriutviklinga ved bruk av eit kreativt skjønn:

We have come to appreciate the extent to which scientific theories are underdetermined by the «facts» and how this allows for alternative and competing theoretical explanations. We have seen the error of thinking that there is or can be some calculus or algorithmic decision procedure for evaluating scientific hypotheses and theories. (Bernstein, 1983, s. 172)

Den vitskapelege kunnskapen vert slik sett bygt på eit flytande grunnlag av ulike skjønnsavgjersler og kreativ dømmekraft. Det er difor slik at vitskapen er avhengig av gode data, konstruerte observasjonar, rasjonell meiningsutveksling og skjønn, eller ein form for praktisk visdom, noko som eigentleg berre kan kultiverast innanfor ein forskarfelleskap, i form av skriftleg kommunikasjon og ikkje minst i form av kroppsleg og emosjonell nærleik.

Ein type ekspertkunnskap som dei fleste møter på, er når vi er hjå lækjaren, og han eller ho skal bruka sitt faglege skjønn til å stilla ein diagnose på grunnlag av samtalar med pasienten og med hjelp av ulike prøvesvar og enkle kliniske granskingar, slike som å sjå i halsen, munnen eller augne og kjenna på mage, nakke og rygg, og ikkje minst lytta til pasienten si forteljing om sine helseplagar og då merka seg særleg ved toneleiet, pusten og andletsfargen. Det er alltid mange objektive funn, men rett diagnose er likevel avhengig av doktoren sitt kreative skjønn, fordi det finst ingen mekanisk og logisk oppskrift frå alle kliniske observasjonar og prøvesvar som fører fram til bestemte diagnosar. Dette er døme på at godt skjønn er ein sær viktig sans, eigenskap og dugleik.

Det emosjonelle grunnlaget for rasjonaliteten

Det er også verdt å merka seg at denne filosofiske innsikta om praktisk visdom og skjønn er nokså samanfallande med dagens kunnskap innanfor nevrovitskapen og den kognitive vitskapen. Antonio Damasio har i boka *Descartes' Error* (1994) vist oss korleis rasjonalitet, fornuft, god planlegging, korrekte kalkulasjonar og stringente argument vert støtta av emosjonar, sanslege kjensler og kroppslege erfaringar. Det har vore vanleg å seia at fornuft og følelsar er i konflikt med kvarandre, og Damasio nektar ikkje for at dette ofte kan vera tilfellet, men like fullt hevdar han at menneska ikkje kan tenkja og handla rasjonelt utan støtte av emosjonar og kroppslege sansingar: Det vi ser, oppdagar og er merksam på, vert styrt av følelsane våre, fordi i ein straum av inntrykk må vi setja søkelyset på eit lite utval, og følelsane er dette søkelyset som kastar lys over heilt bestemte observasjonar av fakta. Det er også ofte slik at å handla rasjonelt vil seia å velja mellom mange alternativ, og også her er det følelsane våre som hjelper oss i å ta eit val i ein kompleks situasjon. Denne innsikta om at følelsar er nødvendige for å tenkja og handla rasjonelt, har Damasio mellom anna frå studiar av nokre sjukdoms case som skildrar ein type hjerneskaade som lammar eit område for følelsar i hjernen. Personar med ein slik skade kan ha eit intakt språk, eit godt minne og

avansert evne til å kalkulera, men likevel mangla evne til å planleggja, orientera seg, ta avgjersler og å opptre rasjonelt. Utan adekvate følelsar kollapsar også rasjonaliteten.

Den menneskelege rasjonaliteten har vakse fram gjennom evolusjonen og hjå den enkelte, i nær kontakt med emosjonar, kroppslege sansingar og den biologiske reguleringa. Mora som syng, voggar, nynnar og stryk barnet sitt, dannar emosjonelle kanalar for intelligens og modning av rasjonaliteten hjå det vesle barnet. Dei same emosjonelle kanalane for rasjonaliteten vert bygde gjennom den biologiske evolusjonen gjennom dei basale følelsane av frykt, sinne, fråstøyting, glede og entusiasme, som er dei kjenslene som knyter oss til naturen og omgjevnadane. Rasjonalitet og tenking er kapasitetar som vert utvikla tidleg i livet i takt med emosjonell støtte, og den emosjonelle rasjonaliteten er sentral livet ut. Vidare er følelsane lokaliserte i kroppen, noko som gjer at intuisjon, «magefølelse», «lodka stemninga» og liknande omgrep kan gjevast ei meningsfull forståing og forklaring innanfor den moderne nevrovitskapen og den kognitive vitskapen. Det er kroppen som dannar referansepunktet for tenkinga, slik at kroppslege sansingar utgjer innhaldet i den rasjonelle tenkinga, og følelsar dannar ein loop for den avanserte rasjonaliteten. Dette vil seia at vi brukar kroppen som ein målestokk for våre mest avanserte tankar, våre beste handlingar og våre største gleder og djupaste sorger.

Ei ny opplysningstid

Georg Lakoff (2008) er ein amerikansk forskar innanfor den kognitive vitskapen, og han har vore inne på noko av det same, nemleg at vi treng ein ny opplysningsfilosofi med eit nytt syn på fornufta:

Take the old dichotomy between reason and emotion. The old view saw reason and emotion as opposites, with emotion getting in the way of reason. But Antonio Damasio showed in Descartes' Error that this Enlightenment view is utterly mistaken. Instead, reason requires emotion. People with brain damage that makes them incapable of experiencing emotion or detecting it in others simply cannot function rationally. (Lakoff, 2008)

Opplysningsfilosofane meinte at fornufta var universell, medviten, uavhengig av kroppen og frikopla kjenslene og lidenskapane, uavhengig av handling og verdiar og strengt logisk og skriftleg. Dersom fornufta er slik som opplysningsfilosofane på 1700-talet tenkte seg, ville det vera ein saumlaus overgang frå å bruka fornuft, rasjonalitet, logikk og skjønn i samhandling ansikt til ansikt og bruk av skjønn og dømmekraft gjennom digital kommunikasjon. Sagt på ein annan måte: Den digitale kommunikasjonen skaper ikkje vanskar med å utøva skjønn dersom fornufta er skriftleg og logisk og uavhengig av kroppslege emosjonar og lidenskapar.

George Lakoff (2008) meiner at fornufta, den rasjonelle tenkinga og den praktiske visdommen har heilt andre kvalitetar enn det som opplysningsfilosofane tenkte seg:

A New Enlightenment would not abandon reason, but rather understand that we are using real reason – embodied reason, reason shaped by our bodies and brains and interactions in the real world, reason incorporating emotion, structured by frames and metaphors and images and symbols, with conscious thought shaped by the vast and invisible realm of neural circuitry not accessible to consciousness. (Lakoff, 2008)

Vi treng difor ein ny opplysningsfilosofi som er meir i samsvar med ny kunnskap innanfor nevrovitskap og kognitiv vitskap, ein kunnskap som lenge har vore kjent innanfor deler av

filosofien og sosiologien, men som no blir utforska med naturvitskaplege metodar. Det har difor vore ein konvergens mellom innsiktene frå den filosofiske hermeneutikken, den sosiologiske kunnskapen om praksis og innsiktene frå den naturvitskaplege nevrovitskapen.

Dette nye synet på fornufta og rasjonaliteten meiner at mykje av tenkinga vår skjer umedvite gjennom bruk av rammeforteljingar, metaforar, innøvde resonnement og intuitive praktiske dugleikar, slik at vi også kan arbeida produktivt med å løysa problem mens vi søv eller dagdrøymmer, noko som så ulike forfattarar som Sigmund Freud (1856–1939) og Charles Sanders Peirce (1839–1914) meinte var tilfellet. Tenkinga er også intimt knytt til kroppslege erfaringar, pasjonerte lidenskapar og visuelle bilete og metaforar heller enn stringente omgrep og logisk konsistente argument. Dette gjer at vi ikkje skal gje avkall på fornufta, men at vi treng nye perspektiv på fornufta som legg vekt på korleis vi reint faktisk brukar fornufta i praktiske avgjersler, at vårt skjønn og praktiske visdom treng støtte frå kjenslene våre, og korleis kroppen vår er plassert i verda og talar til oss gjennom små hint og aningar, noko som gjer at omgrepet om rett magekjensle har blitt aktualisert av innsikter frå den kognitive nevrovitskapen.

Sosiologisk innsikt om praktisk skjønn

Denne innsikta om fornufta og rasjonaliteten si kroppslege og emosjonelle forankring har blitt utvikla gjennom nevrobiologiske eksperiment, studiar av hjernen og kliniske casestudiar. Mykje av dette spring ut frå kritikken av Rene Descartes' (1596–1650) skilje mellom to substansar, den tenkjande substansen, *res cogitantes*, og den materielle substansen, *res extensae*, sjel og kropp, som Damasio tar utgangspunkt i vart tidleg utforska og formulert som ein kunnskapsteori innanfor den amerikanske pragmatismen (Joas & Knöbl, 2009). Innanfor dette synet på kunnskap er det ikkje slik at eit erkjennande subjekt står andsynes ein objektiv verda, og at kunnskapen oppstår gjennom korrespondanse, eller at den objektive verda vert spegla av i den subjektive verda. Den mest kjente kritikken av denne korrespondanseteorien for kunnskap vart utforma av den nypragmatiske filosofen Richard Rorty i boka *Philosophy and the Mirror of Nature* (1979). Denne innsikta om at det ikkje finst ein slik dualisme mellom subjekt og ånd på den eine sida og kropp, materie og objekt på den andre sida, er ein fellesnemnar for den klassiske amerikanske pragmatismen til William James (1842–1910), John Dewey (1859–1952), Charles Sanders Peirce (1839–1914), Georg Herbert Mead (1863–1931) og nypragmatismen til Richard Rorty, Richard Bernstein og Hans Joas (Joas, 2011). Denne filosofiske og sosiologiske posisjonen hevdar at all handling, tenking og persepsjon oppstår i ein situasjon gjennom praktisk og kollektiv problemløysing. Det er ikkje eit subjekt som observerer den ytre verda og dannar kunnskap gjennom ein korrespondanse til verda. Sanning oppstår gjennom kollektiv problemløysing og offentlig kommunikasjon innanfor forskarfellesskapen. Det er heller ikkje slik at ein aktør, eller eit subjekt, har «eksterne» mål for ei handling som vert forsøkt realiserte i den ytre verda gjennom mest mogleg effektive middel. Måla for ei handling vert gradvis utvikla undervegs, og måla for ei handling står først fram når handlinga er avslutta. «Minervas ugle flyg i skumringa» var Georg Wilhelm Friedrich Hegel (1770–1831) si poetiske skildring av dette at vi får kunnskap om noko når fenomenet og hendinga er forbi. Det er ikkje ein slik dualisme mellom subjekt og objekt, fordi subjektet er senka ned i den objektive verden, er omslutta av denne, og handlingsmål, tenking og kunnskap, observasjonar og persepsjon vert deriverte av situasjonen og oppstår gjennom kollektiv problemløysing og kreativ handling. Menneska er i denne situasjonen med kropp og sjel, emosjonar og tenking, og difor er kroppsleg og praktisk erfaring og følelsar viktige i utvikling av handlingsmål og kunn-

skapar. Det er kroppsskjema, praktiske ferdigheitskunnskapar og kroppslege emosjonar som dannar mønster for handling, tenking og persepsjon og observasjon.

Immanuel Kant om kunst og dømmekraft

Vi føler eit velbehag og emosjonell lyst, som Kant meinte var kjenneteiknet på kunstopplevingar, når vi opplever at vi kan finna ut noko saman, og at våre synspunkt spelar saman og dannar ein slags harmoni og resonans ut av ulike meiningar: «Om enhver forestilling kan jeg si at det ihverfall er mulig at den (som erkjennelse) er forbundet med lyst. Om det jeg kaller behagelig, sier jeg at det faktisk frembringer lyst i meg» (Kant, 1995, s. 108). Våre subjektive meiningar kan bli fornuftige og klare gjennom ein felles klang og stemning innanfor *sensus communis*, som er sansing eller smaken til ein fellesskap:

Altså må de ha et subjektivt prinsipp som – bare gjennom følelse, ikke begrep – likevel allmenngyldig bestemmer hva som behager eller mishager. Et slikt prinsipp kan imidlertid kun oppfattes som en felles sans (..) som man iblant også kaller felles sans (*sensus communis*) ... (Kant, 1995, s. 109).

Kunstmaken eller skjønnnet er i og for seg privat og subjektiv, men dei subjektive smaksdommane gjev berre meining innanfor ein smaksfellesskap, eller *sensus communis*, som er sanseerfaringa til ein smaksfellesskap, eller det særskilte skjønnnet i å utvikle sansen for skjønnheit:

Når vi bedømmer noe som skjønt, tillater vi ingen å være av en annen oppfatning. Dette skjer ikke ved å tilbakeføre dommen til begreper, men bare ut fra følelsen, som vi altså ikke legger til grunn som en privat, men som en felles følelse (Kant, 1995, s. 110).

Kunstmaken spring ut frå kollektive kjensler og ikkje frå rasjonalitet og forstand. Vi kan difor ikkje utvikla god smak, eller ein raffinert evne til å sjå skiljemerke, som isolerte individ. Smak og skjønn er ein sosial dugleik vi kan øva oss opp til som deltakarar i ein estetisk fellesskap der det estetiske refererer til både det sanselege og det kunstnarlege. Denne smaken kan ikkje digitaliserast, fordi denne avanserte sansen treng lukt og smak, emosjonelle stemningar og kroppsleg velbehag. Vi føler kunsten på kroppen i lag, ein slags kollektiv kropp, og dette vil seia at det estetiske i kunsten strøymer i kjenslene våre, om lag som eit rusmiddel som lokkar fram lystkjensler hjå oss. Denne dømmekrafta er viktig i kunsten, men er like sentral med tanke på faglege vurderingar og politiske vurderingar.

Politikk og dømmekraft

Denne innsikta om smaksdommar, eller *Urteilkraft*, nyttar også Hanna Arendt (1906–1975) ifølgje Bernstein (1983) til å seia noko om politisk skjønn, visdom, eller politisk dømmekraft. Dømmekraft innanfor kunsten, vitskapen og politisk skjønn er familielike dugleikar.

Arendt makes the striking claim that it is in the first part of the Critique of Judgment, where Kant deals with aesthetic judgments (which are frequently thought to be the furthest removed from politics), that we find his «unwritten political philosophy». What she has in mind is Kant's analysis of «reflective judgment,» the mode of judging particulars that does not subsume particulars under general rules but ascends «from particular to universal». What she has in mind is Kant's analysis of «reflective judgment,» the mode of judging particulars that does not subsume particulars under general rules but ascends «from particular to universal». (Bernstein, 1983, s. 217)

Dette politiske skjønnet kan verken reduserast til subjektive og private meiningar eller objektiva fakta og sanning, slik som i vitskapen. Det politiske skjønnet ligg bortanfor det subjektive og objektive; det er subjektive meiningar som berre kan gjevast mening innanfor eit kollektivt meinings- eller smaksfellesskap. Dette utgjer ei demokratisk offentleg sfære som er det avgjerande grunnlaget for eit fritt, kreativt og demokratisk samfunn. Det er innanfor eit slikt fellesskap vi kan tala og handla og slik gjera vår singulære eksistens synleg for kvarandre. Vi treng eit offentleg rom for å transformera private erfaringar til noko som er relevant og gyldige for mange. Når vi utøver politisk skjønn, gjer vi dette som medlemmar av eit fellesskap, just slik våre kunstdommar berre er moglege innanfor eit smaksfellesskap. Eit godt skjønn treng i begge tilfelle støtte frå eit offentleg fellesskap.

Zoom og fornuft

Korleis kan så desse innsiktene nyttast til å forstå den informasjonsstraumen, praktisk skjønn og kunnskapsproduksjon som skjer gjennom den omseggripande digitaliseringa? Kva er skilnaden på samhandling ansikt til ansikt innanfor konkrete plassar og samhandling innanfor digitale rom?

I dei to siste åra har det vorte vanleg med Zoom-møte i mange faglege samanhengar. Zoom-møta har vore eit eksperiment for oss alle, eit brot med innlærte tradisjonar og rutinar for å handtera faglege diskusjonar og kritikk. I det opplysningsfilosofiske perspektivet, der fornufta vert sett på som medviten, eksplisitt, skriftleg, logisk og fri frå kjensler og kroppslege stemningar, er det ikkje noko kvalitetsskilje mellom Zoom-diskusjonar og møte ansikt til ansikt i seminarrommet, der vi kan sansa ei stemning som inspirerer oss til gode vurderingar. Den faglege diskusjonen handlar – sett frå denne synsvinkelen – om klare logiske resonnement, eksplisitte skriftliknande argument, saklege og kjenslekontrollerte argument utan fektningar med armane, nølande argument, heving av augnebryna, blikkutvekslingar og gestikk, og difor kan den faglege diskusjonen like så vel skje gjennom denne nye digitale kommunikasjonen.

Dersom vi tenkjer utifrå det alternative perspektivet, der det vert hevda at fornufta i vesentleg grad er knytt til kjensler og kroppslege stemningar, er det derimot ein kvalitets-skilnad mellom ein fagleg diskusjon på Zoom og eit ords kifte i seminarrommet. Når vi møter kollegaer ansikt til ansikt, har vi fleire strengar å spela på, noko som kan skapa fagleg resonans: Vi kan oppleve ein imøtekommande velklang eller resonans og eit lystig brus, eller vi kan sansa ei uroleg murring av motstand, og på denne måten får vi høve til å finstemma vårt faglege skjønn i takt med kroppslege emosjonar og stemningar.

Førelesingar – brusing og stemningar

Vi har vore nøyddde til å prøva oss fram med digital kommunikasjon i mange situasjonar, der det før pandemien var møte innanfor eit felles lokale, til dømes førelesingar i auditoriet. Forelesingar i eit auditorium har ein lang historisk tradisjon, og denne undervisningsforma er framleis vanleg ved universiteta, særskilt for introduksjonskurs for bachelorstudentar. Eg har lang erfaring med slike førelesingar, og eg kjenner på den sitrande spenninga hjå meg sjølv før eg begynner å prata, og eg sansar stemninga hjå studentane som om massen av studentar dannar ein klangbotn. Eg startar opp førelesinga, og summelyden mellom studentane går ofte gradvis over i ei behageleg susing, eller brusing (slik som Roland Barth (1994) skildrar godlyden som kan oppstå til dømes på eit vertshus: *bruissement*), når eg maktar å presentera stoffet på ein måte som studentane forstår. Eg merkar med ein gong dersom eg

er uklar, rotete, stottrar, nøler og forklarar ting på ein for vanskeleg og abstrakt måte, fordi då ser og kjenner eg på massen av studentar at dei misser konsentrasjonen; dei ser seg rundt, og det spreier seg ei ubehageleg uro, murring og rasling i forsamlinga, ei uro som gjer at eg forsøker å justera mi formidling av stoffet etter den nesten simultane tilbakemeldinga. Mine faglege utgreiingar vert kalibrerte av studentmassen sine kroppslege og emosjonelle svingingar og stemningar. Om eg lukkast med formidlinga, høyrer eg og sansar eg på kroppen ein velklang hjå studentane; eg spelar på strengane, og lyden skaper resonans mellom tilhøyrarane.

Praktisk kunnskap og vegleing

Den praktiske visdommen og skjønnet er altså noko som oppstår når menneska kan sansa kvarandre sine stemningar og ta perspektivet til kvarandre, og dette er også det handverksmessige ved vitskapen: Skal ein verta ein god snikkar, må ein øva seg lenge i lag med ein meister som kan faget, og skal ein læra det vitskaplege handverket, må ein øva seg lenge saman med ulike meistrar i faget, og noko av denne øvinga er å sansa emosjonelle stemningar, visdommen og lynnet til erfarne fagfolk.

Det å rettleia og gje kommentarar til studentane er på mange vis kjerneverksemda ved eit universitet. Det er her vi skal overføra vår fagkunnskap gjennom kreative samtalar, og vi øver oss opp i lag med studentane til å bli betre i faget, og ideelt sett lærer både meistrane i faget og lærlingane mykje gjennom fruktbare rettleiingsmøte. Mykje av tilbakemeldingane på skriftlege studentoppgåver kan skje gjennom skriftlege tilbakemeldingar, men det er også viktig å vidareføra rettleiing gjennom samtalar ansikt til ansikt også i den digitale tidsalder, fordi det er mykje som skjer og mange idear blir skapt når lærar og elev møtast og talar og handlar i lag innanfor professoren sine kontorveggar. Grunnen til at slike møte ofte skaper nye idear, er at dette er ein institusjon som i full mon dreg veksling på fornufta og rasjonaliteten, fordi dei rasjonelle tilbakemeldingane skjær innanfor ein samanheng der vi involverer sansane, følelsane og heile vårt lynne for å forbetra ein tekst. Eg vil tru at alle som har erfaring med rettleiing, innimellom vert fullt med undring og glede over kva vi ofte skaper i lag i desse intense møta mellom lærar og student. Slik praktisk meister-lærling-læring er nettopp kjenneteikna av at vi ikkje veit heilt på førehand kva vi vil skapa i lag, at meistraren i faget får høve til å demonstrera fagleg skjønn, og ikkje minst at professoren også lærer mykje av studenten i slike kreative møte. Mykje av rettleiing kan vera skriftleg og digital, men det er mange grunnar til at rettleiinga også treng den emosjonelle støtta og dei mange strengane å spela på, noko som berre kan skje i konkrete møter innanfor rettleiingsinstitusjonen, der vi kan praktisera ein felles sans, eller *sensus communis*.

Familieliskap mellom filosofisk hermeneutikk, Kants estetikk og kognitiv vitskap

Eg har skrivt dette med ein grunntone frå den filosofiske hermeneutikken, og difor vil eg runda av med å visa til familieliskapen mellom denne filosofiske hermeneutikken, den sosiologiske pragmatismen og den kognitive vitskapen: Dette skjønnet, dømmekrafta, eller visdommen, kviler på ein mogleg konsensus med andre, noko som kan oppnåast gjennom dialog med andre innanfor ein smak- og vurderingsfellesskap. Slike kvalitetsdommar, eller vurderingar, kan ein gjera åleine, men likevel forventar ein implisitt at eit slikt skjønn kan vurderast av andre menneske. Dette skjønnet må difor frigjera seg frå individuelle idiosyn-

krasjar og heilt private meiningar, og dei subjektive vurderingane er berre rimelege dersom dei kan framsetjast innanfor eit smaksfellesskap innanfor offentlege rom. Det er her godt samsvar mellom innsiktene frå den kognitive vitskapen, Kants innsikter om den estetiske dømmekrafta, sosiologisk analyse av praksis og den filosofiske tradisjonen sine innsikter om skjønn og praktisk visdom.

Litteratur

- Barthes, R. (1994). *I tegnets tid: utvalgte artikler og essays* (K. Stene-Johansen, Overs.). Pax forlag.
- Bernstein, R. J. (1983). *Beyond Objectivism and Relativism: Science, Hermeneutics, and Praxis*. University of Pennsylvania Press.
- Damasio, A. R. (1994). *Descartes' Error: Emotion, Reason, and the Human Brain*. Avons Books.
- Joas, H. & Knöbl, W. (2009). *Social Theory: Twenty Introductory Lectures*. Cambridge University Press. Kindle Edition.
- Kant, I. (1995). *Kritikk av dømmekraften*. Pax forlag.
- Lakoff, G. (2008). *The Political Mind*. Penguin Publishing Group. Kindle Edition.
- Rorty, R. (1979). *Philosophy and the Mirror of Nature*. Princeton University Press.